

## *Tok pusten frå publikum*

**Vokalgruppa Pust serverte ei sterk musikalsk oppleving på Rokken torsdag kveld. Med originalitet, leiken stemmebruk og godt humør bergtok dei publikum frå første tone.**

Om lag 100 tilhøyrarar tok turen til Rokken då jazzklubben i Volda/Ørsta presenterte vokalgruppa Pust.. Den består av dei seks dyktige, erfarne og svært musikalske songarane Jorunn Lovise Husan, Anne Hilde Grøv, Elisabeth Anvik, Jostein Hasselgård, Håvard Gravdal og Mads Iversen.

Med røysta som sitt einaste instrument tok Pust publikum med seg på ei fascinerande reise gjennom ulike sjangrar, som folkemusikk, jazz og etnisk vokalmusikk. Publikum fekk høyre songar av blant anna Alf Prøysen, Sting, Fläskkvartetten, samt barne-tv-songar og kjente norske og internasjonale folketonar. Gruppa er allsidig og nytenkjande og viste kreativ stemmeleik og improvisasjon på eit svært høgt musikalsk nivå.

A cappella-gruppa starta konserten med tre songar på rappen og dermed var publikum gripen frå første stund. Vidare følgde humoristiske arrangement av "Helene Harefrøken" og "Slipsteinsvæilsen" av Prøysen, og ein nydeleg versjon av Sting si låt "Moon Over Bourbon Street". Alle dei seks songarane fekk vist seg fram under konserten. Alt låt vakkert, kreativt og originalt. Her var det stålkontroll på kvar einaste tone. Gruppa var veldig tilstades og hadde ein unik kontakt både seg imellom og med publikum. Det var god stemning i konsertlokalet. Ei passande balanse mellom humor og seriøsitet gjorde det heile litt uhøgtidleg, og forsterka nærleiken til publikum. Det vart aldri kjedeleg, og konserten overgjekk alle forventingar.

Etter endelaus applaus og to ekstranummer var både publikum og vokalgruppa sjølv godt nøgde med sin første konsert i Volda. - Dykk synes kanskje vi snakkar lite mellom songane, men vi vil berre understreke at vi har det heilt topp her, sa Jostein Hasselgård.

Pust gav hausten 2007 ut debutalbumet "Femkant", og i mars 2009 går dei i studio for å spele inn sitt andre album.

**Julie Mangersnes**